

## **FAU møte 1 2015/16**

**09.09.15 Kl. 18.30**

Tilstades: Berit Bruvoll, Steinar Kleiven, Ørjan Tvedt, Remi Rognaldsen, Eva Abelsen, Anniken O. Sylta, Miriam Vabø og Ida Marie Nordahl .

### **Sak 1 15/16: Konstituering**

Leiar; Berit Karin Bruvoll

Nestleiar; Ida Marie Nordahl

Skrivar; Anniken O. Sylta

Kasserar; Miriam Vabø

Su medlem; Eva Abelsen   Vara; Ørjan Tvedt

SKMU medlem; Steinar Kleiven   Vara; Remi Rognaldsen

### **Sak 2 15/16: Orientering om arbeidet frå i fjor**

Årsmeldinga frå fjoråret vart gjennomgått. Vi arrangerte karneval og skøytedag, hadde loddsal og pengeinnsamling til arbeidet med skulenedlegginga. Samla overskot på 38.000.

### **Sak 3 15/16: Planlegging framover**

Det vert karneval att i februar. Siste veka i oktober vil vi arrangere ein film-/pizza-/popcornkveld . Det vert også eit lotteri som i fjor.

### **Sak 4 15/16: Foreldrerådsmøte**

Den 15. september vert det foreldrerådsmøte for alle foreldra. FAU ynskjer foredragshaldar, men får for knapt med tid til å henta inn nokon. Tek det opp att på møtet til våren.

### **Sak 5 15/16: Anna**

\* Leksefri skule

Ida undersøker litt til neste gong

\* Aktivitetstime

Er det mogleg å få ein aktivitetstime per dag? Der ein legg gjer delar av det faglege meir praktisk..

\* Foreldreutval i grunnskuleopplæringa

Kort informasjon

\* Kommunedelplan for oppvekst 2016-19  
Hovudpunkta vart teke opp

\* Helsesøstertenesta  
Myking skule har berre 5% dekning, mot anbefalt 18%

\* Nasjonal mobbekampanje  
Oppstart i veke 46. Skulen skal vera med på Bli-med-dansen og vil skal arrangera ein trivselsdag. FAU vil engasjera seg i denne saka og mellom anna laga ein brukarundersøking. Ynskjer også å sjå skulen si tiltaksplan ved mobbing/plaging.

\* Innkjøp av leikar  
Elevrådet har laga ei ynskjeliste. Skulen/SFO kan kjøpa inn det dei treng av småting, så betalar FAU.

Neste FAU møte vert 21. oktober 2015 klokka 17.

Ref. Anniken O. Sylta